

Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 31 mai 2022:

Ordførar orienterte om:

Planarbeid

1. Kommunedelplan Gol tettstad KDP (**prioritert**):

Vi har hatt nytt møte med STV 19.mai der vi har drøfta gjennom problemstillingar som vi må avklare i trafikkanalysa. Mellom anna skal vi gjennomføre ytterligare trafikktiljingar som vi planlegg å få gjort medio juni-mnd. Vi skal ha nytt møte med STV i løpet av veka 25.

2. Kommuneplan:

- Ingenting nytt

3. Andre planar:

Storøyne del II (Hallingdal bilsenter mv.):

- Trafikken i rundkøyringa er ein del av dei nye trafikktiljingane som vi skal gjennomføre no i juni.

Gol gamle skule:

- I møte med STV den 7.april vart det gjeve positive signal på at ein kan gå vidare med detaljreguleringa for området. Vi håper no å få til ei løysing som kan akseptarast av STV.

4. Smedvegen:

- Detaljprosjektering er i gang.

5. Sentrumsgården Gol AS.

- Utbyggingsavtale blir behandla i kommunestyret i juni.

6. Detaljregulering GolfAlpin – 1. gongsbehandling.

Plan blir behandla i UNN 31. mai. HR Prosjekt fremjar detaljregulering for GolfAlpin F12 på vegne av Hemsedal hyttetomter AS. Planforslaget gjeld for område F12 i kommuneplanens arealdel for Gol, som ligg like ved Hemsedal GolfAlpin. Planforslaget legg til rette for totalt 150 hytter fordelt på 121 småhytter i tun og 29 frittliggende tomter med tilhøyrande infrastruktur. Planforslaget inkluderer også eit eksisterande klubbhus i tilknyting til golfbanen. Planområdet utgjer totalt om lag 193 daa.

Gol kommune har gjennomført den årlige Økonomi og strategi konferanse.

Gol kommune sin Årsmelding og Årsrekneskap blir behandla denne møterunden.

Gol kommune sitt Bulystprosjekt er godt i gang og me startar straks rekrutteringsarbeidet. Jorun blir invitert inn att på møtene våres til hausten for å fortelja om korleis prosjektet går.

Campus Hallingdal skal opp som eigen sak i Regionrådet. Spent på dette men trur det vil gå bra. Godt trykk i Regionrådet for å jobbe for meir og fleire densentraliserte tilbod om høgare utdanning.

Gol kommune har fått eindel klager på grusing og dette vil bli kommentert og etterspørt i utvalet (Utval for natur og næring)

Sykkelstigopning 17 juni av dei nye sykkelstigane på Hallingmo. Ordføraren ynskjer å invitere til seniortråkk i forkant den 13 juni slik at kaffimøte med eldre kan